



## Saksframlegg

|                |             |                     |
|----------------|-------------|---------------------|
| Sakshandsamar: | Økonomisjef | Sveinung Kvamme     |
| Arkivnr.:      | 16/96       | Dokumentnr.: 16/750 |

### Taksering av nye og endra skatteobjekt 2016

#### Saksopplysningar:

Med bakgrunn i eigedomsskattelova og Radøy kommune sine vedtekne prinsipp, rammer og retningslinjer for takseringa skal det gjennomførast taksering av nye og endra eigedomar sidan førre taksering i 2015.

Eigedomsskattekontoret har på grunnlag av informasjon om nye eigedomar, bygg og tilbygg, henta frå byggesak og informasjon i KomTek, utarbeidd framlegg til nye satsar for dei aktuelle eigedomane. Det er lagt til grunn same satsar og prinsipp som ved tidlegare takseringar, slik at bygg oppført i løpet av 2015 vil få tilsvarande verdi som dei hadde fått dersom dei hadde vore taksert i 2009.

Liste med nye og endra skatteobjekt vert lagt fram i møtet, og vert teke inn som vedlegg til saka etter handsaming.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert vedteke nye og endra grunnlag for utskriving av eigedomsskatt for Radøy kommune for 2016 i samsvar med vedlagde oversyn over eigedomar.